Svenn Magne Brokke har søkt om oppattføring av to støylsbuer på Svinehaugen og Lognbru i Evardalen i Valle kommune (vedlegg 1). Båe liggjande i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*. Det er Prosjekthuset AS som står som ansvarleg søkar. Tiltaka er søkt som to separate saker men har elles stor likskap og vert difor handsama under eitt.


Søkar har lagt vekt på at dei gamle støylane i Evardalen er viktige kulturminne som mange diverre ikkje har tatt seg tid og råd til å ta vare på. Mange av desse ber difor preg av dårleg vedlikehald. Søkar skriv vidare at fleire no ser verdiane i dei gamle støylane og ønskjer å bygge dei oppatt med utgangspunkt i gamle bilete og historie.

Bygningane er planlagt oppført i reisverk og med ståande kledning. Taktekke er med torv. Storleik er oppgjeven til 30 m² BYA. Sjå teikning og kart nedanfor.

Eigedomen gnr. 62, bnr. 1 er på om lag 10 000 dekar inkludert del i fellesbeite. Det er ikkje landbruksdrift med dyrehald på garden i dag. Det høyrer til to andre driftshusvære til eigedomen. Desse ligg på Videva og Uvedalen utanfor verneområdet. Dei ligg relativt nær bilveg, i luftline om lag 2,5 og 7,5 km. frå der det er søkt om oppattbygging.

Grunneigar har munnleg oppgjeve at han skal nytte dei nye bygningane til noko utleige samt nytte dei sjølv i samband med jakt.

Plassering: Svinehaugen merka med raudt, Lognbru merka blått. Grøn line syner vernegrensa. Skravert område er trekkområde for villrein med ferdselsrestriksjonar 15.4 – 20.5



Teikning av bygningane det er søkt om:

Plan
 BRA 25.6 m²
 BVA 32.4 m²

Snitt A-A

Fasade mot

Fasade mot

Fasade mot

B 20.10.2022 Jan Endret fasade front
 A 22.05.2021 Jan Endret kledning/pipe/falske rundstokker/vigduspasset og cm

Tilakshaver: **Sven Magne Brokke**
 Byggeklasse: **Everdalen**
 Kommune: **Valle**
 Gnr: _____ Bnr: _____ Mål: 1:100
 Plan/snitt/fasader/perspektiv

Dato: 12.05.2021
 Tegn: Jan
 Prosjekt: 21-B14
 Tegnr: 501

© Tegningene er beskyttet i henhold til forfatterrettigheter

Båe plassane vart synfart av søkar og verneområdeforvaltarar 30.6.2023. Bileta nedanfor er teken under synfaringa. I dag er det berre synlege restar etter nokre få av steinane frå murane. På Svinehaugen var yttermålet på muren om lag 4,10 m x 4,20 m. Tilsvarende mål på Lognbru var 3,70 m x 4 m.

Svinehaugen:



Lognbru



Saka har vore på uttale hjå Villreinnemnda for Setesdalsområdet og Agder Fylkeskommune (AFK) . Sjå vedlegg 2 og 3.

Villreinnemnda hadde inga merknad i saka og rår verneområdestyret til å innvilge søknaden.

AFK meiner det ikkje bør gjevast byggeløyve. Dei legg vekt på at villreinområdet er klassifisert som raudt etter kvalitetsnorma, og ulempa med auka ferdsel frå hytteområda i Evardalen til meir sentrale delar av villreinområdet aust for Roskrepfjorden. Vidare syner dei til at det er ei mengde slike gamle tuftar innafør nasjonalt villreinområde og at saka difor vil ha stor presedensverknad. I høve til kulturmiljø minner AFK om at tufter etter støylar også er arkeologiske kulturminne som kan tene som historisk autentisk kjeldemateriale. AFK saknar dokumentasjon av dei opphavelege støylsbygningane jamfør retningslinene gjeven i heiplanen. Utover fundament og ruinrestar har ein i saka lite belegg for å vite korleis bygningane faktisk har sett ut. AFK meiner difor at det ikkje ligg føre godt nok kunnskapsgrunnlag for å vurdere dei dei to støylsområda. Om det vert gjeven løyve til oppattføring varslar AFK at det vil bli stilla krav om arkeologisk registrering. Det er tiltakshavar som i så fall må koste dette.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frarfjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.3 bokstav b, går det fram at det på nærare vilkår kan gjevast løyve til «*oppattbygging av nedfalne bygningar som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender*». Vilkår skal settast i samråd med fylkeskonservator. Det er ein føresetnad at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet. Nedfalne stølshus er nærare definert i forvaltningsplanen kap. 2.3.2: *Tidlegare bygningar der storleik og plassering er klart definert av eksisterande murar, og funksjonen til bygningen og utsjånaden er godt dokumentert gjennom foto eller kulturhistoriske registreringar.*

Som AFK har peika på ligg det ikkje føre tilstrekkeleg dokumentasjon på utforming og funksjon av bygningane det er søkt oppattført. Forvaltar si vurdering er difor at det ikkje er grunnlag for å handsame saka som oppattbygging etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.3 bokstav b. Søknadane må difor handsamast som nybygg og då etter unntaksbestemminga i naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjevast dispensasjon frå verneforskrifta om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Av Miljødirektoratet sin rettleiar M 106 – 2014 er det lagt vekt på at § 48 ikkje kan nyttast for å utvide ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Bestemminga skal vera ei sikringsventil for tiltak ein ikkje kunne føreseie eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Bygningstype

Søkar har beskrive at bygningane skal nyttast til noko utleige, samt eget bruk i samband med jakt. Ut i frå dette legg forvaltar til grunn at bygningane i praksis må reknast som fritidsbustadar. Etter retningslinene i forvaltningsplanen kap. 2.3.4 *vert det ikkje gjeve løyve til bygging av nye fritidshus i verneområdet.*

Om bygningane det er søkt om kunne definerast som *bygg til landbruksdrift*, ville det vore ei viss opning for å tillate nybygg. I forvaltningsplanen kap. 2.3.2 er det lagt til grunn at jakt og fiskebuer ikkje fell inn under landbruksomgrepet *om bygningane i hovudsak er knytt til turisme, friluftsliv- eller fritidsaktivitet og bærplukking, jakt eller fritidsfiske som berre utgjør eit naturtilskot til eige hushald*. Bygningstypen det er søkt om kan ut i frå dette ikkje reknast som bygg til landbruksdrift. Om ein likevel valde å definere dei som bygg til landbruksdrift ville dei ikkje vore støtta av vilkåra i forvaltningsplanen kap. 2.3.4 om avstand til bilveg eller andre husvære (min. 3 km/time gåing).

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfoldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfoldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.kulturminnesok.no) og uttalen i frå AFK.


Kulturminne og kulturmiljø

Båe plassane er i data frå riksantikvaren definert som ruin/tuft etter støylsbu. Tuftene på Svinehaugen har jamfør AFK sin uttale eit utvendig mål på 4,1 x 5,9 meter og ligg i tun med to andre ruinar etter tidlegare støylsbygningar. Tuftene på Lognbru har eit mål på 3,6 x 3,6 meter og er også tun med to andre tufter. Alder på tuftene er ikkje kjend, berre at dei forsvann i første halvdel av 1900-talet. Gjennom Evardalen går også den gamle skinnvegen (ridevegen) mellom Setesdal og Ryfylke.

Villrein

I naturbasen er Evardalen merka av som vinterbeite, samt sommar og haustbeite. 150 meter vest for Svinehaugen ligg trekksona Svarteløkfjellet der det jamfør verneforskrifta kap. 4 pkt. 4.2 er ferdselsforbod i perioden 15.4 – 20.5. Villreinen kryssar sporadisk Evardalen, men hovudtrekket går lenger vest mellom Øvre Kleivi og Kværevatn. År om anna kan dei beite nede i sjølve dalføret, då hovudsakeleg tidleg på vinteren. Kantane på båe sider av dalføret vert mykje nytta av villreinen, i hovudsak gjennom vinterhalvåret. Sjå kart nedanfor.

GPS-posisjonar av merka villrein. Alle månadane 2007 – 2018. Lognbru heilt til høgre i kartet.



Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane.

Landskap

Evardalen er omkransa av høge fjellsider og med ei relativt brei dalbotn med mindre ryggar og haugar av morenemasse. Båe tomtene ligg på slike haugar/ryggar og over tregrensa. Bygningar på dei to tomtene vil bli liggjande relativt eksponert, særleg bygning ved Lognbru då denne vert liggjande meir midt i dalføret enn Svinehaugen som ligg meir inn mot dalsida.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Lognbru og Svinehaugen ligg rett vest for hytteområda i Evardalane der det er bygd kring 150 einingar. Inn Evardalen går DNT sør si merka sommarløype mot Øvre Kleivi og vidare mot Svartenut og Bossbu turisthytte. Vest for Svinehaugen vidare inn i Evardalen ligg det 4 – 5 driftshusvære som er i bruk. Ut i frå dette må det samla sett kunne seiast å vera relativt mykje ferdsel og aktivitet i Evardalen gjennom store delar av året. Motorferdsel i dalføret er i all hovudsak avgrensa til frakt til dei nemnde driftshusvære vestover i dalføret, samt i nokon grad for transport til dei nemnde turisthyttene og merking av vinterløypene.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Grunna dei få restane etter bygningsmassen og manglande dokumentasjon av tidlegare bygg, må søknadane handsamast som nybygg etter § 48. Det kan gjevast løyve etter denne paragrafen om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

For ivaretaking av stølsområde, beitelandskap og kulturminne ref. verneføremålet, kunne ei oppattbygging av støyshusa vore positivt. Bygningane det er søkt om skil seg likevel mykje frå slik dei gamle støyshusa må ha sett ut, og vil såleis ikkje kunne støtte opp under denne delen av verneføremålet sett i høve til storleik og materialbruk.



Del to av verneføremålet er knytt til ivaretaking av eit samanhemnande leveområde for villrein. Aktivitet og ferdsel vil liten grad auke som følgje av tiltaka, men det må leggast vekt på at det kjem i tillegg til den relativt omfattande ferdsla som er i frå før.

Eit løyve til dei to bygningane vil gi stor presedensverknad og med fare for at det på sikt går ut over verneføremål og verneverdiar. Forvaltar legg her vekt på at det rundt i verneområdet finnast ei rekke tilsvarende restar/tuftar etter tidlegare bygningar, og der det er lite dokumentasjon på det som har stått der tidlegare. Oversyn frå SEFRAK (register for bygningar bygd før 1900) gir ein viss peikepinn på omfanget, og der det er registrert 856 objekt som *ruin eller fjernet objekt*. Dette innafor heile heiplanområdet og utan at det er skild på type bygning. Eit grovt anslag er at 25% av desse ligg innafor verneområda, dvs 214 stk. Dette er eit forsiktig anslag då SEFRAK-registreringa ikkje er gjort like systematisk alle plassar.

Konklusjon

Søknadane vert avslått. Det er få synlege spor att etter bygningane som har stått på plassen, og det ligg ikkje føre dokumentasjon på utsjånad. Ei opning for bygging vil gi ein stor presedensverknad for seinare saker. Aktivitet og ferdsel vil liten grad auke men det kjem i tillegg til den omfattande ferdsla som er i frå før. Dette er særleg uheldig gjeven nærleiken til trekkområdet vest i dalføret.



Verneområdestyret for Setesdal Vesthei
Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Saksbehandler, innvalgstelefon

Pia Karine Hem Molaug, 37 01 75 35

Postboks 504
4808 ARENDAL

Klage på vedtak av 14.11.2023 - Gjenoppføring av stølsbuer på gnr/bnr. 62/1, Evardalen i Valle kommune - SVR landskapsvernområde

Vi viser til oversendelse av vedtak av 14.11.2023, utvalgssak 45/23, mottatt den 23.11.2023.

Statsforvalteren i Agder påklager herved, med hjemmel i lov om forvaltning av naturens mangfold § 62 tredje ledd, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde sitt vedtak av 14.11.2023, utvalgssak 45/23. Vedtaket kreves omgjort slik at søknaden om gjenoppføring av to stølsbuer på gnr/bnr. 62/1 i Valle kommune avslås.

Vedtaket påklages da tiltakene er i konflikt med nasjonale og regionale villreininteresser i området, og er i strid med retningslinjer knyttet til nasjonalt villreinområde, gitt i kommuneplanen og Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.

Bakgrunn

Svenn Magne Brokk har søkt om gjenoppføring av to stølsbuer, á 30 m² BYA, på gnr/bnr. 62/1 i Valle kommune; herunder én på Svinehaugen og én på Lognbru i Evardalen.

Verneområdeforvalter innstilte på å avslå søknaden. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde (verneområdestyret for SVR) fattet den 14.11.2023 følgende vedtak (med 7 mot 4 stemmer), utvalgssak 45/23:

«Med heimel i forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 4 punkt 1.3 b), får Svenn Magne Brokke løyve til å oppattbygge to stølsbygg på Svinehaugen og Lognbru. Utforming og størrelse skal skje i samråd med fylkeskonservator, gnr. 62, bnr. 1 i Evardalen, Valle kommune.»



Juridisk grunnlag

Omsøkte stølsbuer vil bli liggende innenfor Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR), som ble vernet ved Kronprinsreg.res. 28. april 2000, jf. *forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Bykle, Valle og Bygland kommunar, Aust-Agder, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar, Vest-Agder og Forsand kommune, Rogaland* (heretter verneforskriften).

Stølsbuene vil videre bli liggende innenfor hensynssone «Nasjonalt villreinområde» i *regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei* (Heiplanen), som ble vedtatt i 2012.

Aktuelle område er i kommuneplan for Valle kommune 2016-2018, vedtatt den 22.06.2016, avsatt til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område), med hensynssone Naturmiljø, H560_1 Nasjonalt villreinområde (merknad «Heiplanen»).

Statsforvalterens vurdering av vilkårene for klage

Aktuelle vedtak av 14.11.2023 er et enkeltvedtak, jf. *lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker* (fv.) § 2 første ledd bokstavene a) og b), som er gjenstand for klage, jf. fv. § 28 første ledd.

Statsforvalteren har klagerett, jf. *lov om forvaltning av naturens mangfold* (nml.) § 62 tredje ledd.

Melding om vedtak med saksprotokoll er mottatt her den 23.11.2023, og vår klage er ut fra dette, rettidig fremsatt, jf. fv. § 29.

Statsforvalterens vurdering av vedtak av 14.11.2023

I henhold til verneforskriften kapittel IV punkt 1.1 er det i utgangspunktet forbud mot «*inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter. I dette er medrekna: Oppføring av bygningar, (...)*». De omsøkte tiltak er i strid med forannevnte.

Verneområdestyret for SVR har gitt dispensasjon for omsøkte tiltak etter verneforskriften kapittel IV punkt 1.3 bokstav b, hvoretter det kan gis dispensasjon for «*oppattbygging av nedfalne bygningar som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender*». I *Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane* (heretter forvaltningsplanen) punkt 2.3.2, er «*nedfalne stølsbus*» definert som «*Tidlegare bygningar, der storleik og plassering er klart definerte av eksisterande murar, og funksjonen til bygningane og utsjånaden er godt dokumenterte gjennom foto eller kulturhistoriske registreringar*».

Verneområdeforvalter har etter befaring, uttalt at «*I dag er det berre synlege restar etter nokre få av steinane frå murane*». Av foto er det ikke mulig å se annet enn noen gjengrodd steinrester. I saksfremlegget fremgår videre at: «*Alder på tuftene er ikkje kjend, berre at dei forsvann i første halvdel av 1900-talet*». Nærmere plassering, omfang og utforming av de opprinnelige stølsbuene er ikke dokumentert.

Vi mener at det er så vidt lenge siden det stod stølsbuer på aktuelle steder, og at de restene som er igjen i dag er så beskjedne og så overgrodd av naturen på stedene, at de tidligere stølsbuene er nærmest «ikke-eksisterende». Vi mener derfor at omsøkte tiltak ikke kan anses som gjenoppføring, men må vurderes som nyoppføring.



Vi mener derfor, i likhet med verneområdeforvalter, at saken skulle vært vurdert etter nml. § 48. Forvaltningsmyndigheten kan etter denne bestemmelsen gi dispensasjon fra vernevedtak *«dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig»*, jf. nml. § 48.

Villrein inngår i formålet i verneforskriften, hvor det fremgår at *«Føremålet med vernet er å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa»*, jf. kapittel III punkt 2. Der er videre ikke tvilsomt at villrein, med viktige funksjonsområder, som leveområder, trekkruter-/passasjer mv., er en nasjonal interesse. «Nasjonalt villreinområde» er et område som er særlig viktig for villreinen, og hvor man ikke bare skal ta særlig hensyn til villrein, men hvor villrein faktisk skal ha fortrinn, jf. punkt 5 under «Sammendrag» i Heiplanen.

Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig, innebærer at terskelen for å anse verneverdiene for å bli påvirket er svært lav. Derav er adgangen til å gi dispensasjon snever. Det kan bare dispenserers i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidig eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter (M106-2014).

Uavhengig av hvilken bestemmelse saken vurderes etter, mener vi omsøkte tiltak er i konflikt med nasjonale og regionale villreininteresser, og slik at det ikke er grunnlag for dispensasjon for tiltakene.

Tiltaket er søkt oppført i Nasjonalt villreinområde, der villreinen skal ha fortrinn og der villreinens interesser skal tillegges stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. Villreinens situasjon er i endring i negativ retning, og den norske villreinstammen er under stadig press. Villrein kom inn på den globale rødlista for arter i 2016 med status sårbar (VU), og på den norske rødlista for arter i 2021, med status nær truet (NT). I kvalitetsnormen for villrein, fastsatt i 2020, er villreinområdet Setesdal Ryfylke klassifisert med status «dårlig kvalitet». Dette skyldes i hovedsak tidligere påvirkning på villreinens leveområde, ved fragmentering og påvirkning fra menneskelig forstyrrelse.

I henhold til Heiplanen tillates ikke nye fritidsbygg i Nasjonalt villreinområde. Vi mener dette må legges til grunn, da omsøkte tiltak, etter vår vurdering, i realiteten må anses som nyoppføring (av fritidsbygg), og ikke kan anses som gjenoppføring av stølsbuer, jf. over. Det er opplyst at planlagt bruk av bygningene er noe utleie og egen bruk i forbindelse med jakt. Vi mener at den økte (menneskelige) aktiviteten og ferdselen som tiltakene vil medføre, og ikke i så stor grad bygningene i seg selv, vil forringe villreinens bruksmuligheter i området. Det er ikke tvilsomt at enhver menneskelig aktivitet mer eller mindre er i konflikt med villreininteresser, og slik at dette er en åpenbar ulempe, som gjør seg gjeldende med styrke. Det kan være noe usikkerhet knyttet til hvor stor negativ virkning de konkrete tiltakene vil kunne få. Sett i lys av villreinens status som sårbar/nær truet, og miljøtilstanden i området («dårlig kvalitet»), mener vi det må legges stor vekt på føre-var-prinsippet, jf. nml. § 9. Selv om tiltakene, som nevnt foran, antakelig ikke vil være særlig forstyrrende i seg selv, vil den økte aktiviteten tiltakene vil medføre, med utleie og egen bruk, påvirke villreinens interesser negativt.



Det finnes en rekke tilsvarende gamle tufter i nasjonalt villreinområde innenfor SVR landskapsvernområde, og en dispensasjon i denne saken vil også kunne skape en uheldig presedensvirkning. Flere slike dispensasjoner vil til sammen, og sammenholdt med øvrig ferdsel, aktivitet og påvirkning, kunne medføre en (for) høy samlet belastning på villreinen, jf. nml. § 10. Dette sammenholdt med ovennevnte, tilsier at det her ikke bør gis dispensasjon.

Ut fra ovennevnte, mener vi det er klart at omsøkte tiltak vil påvirke verneverdiene «nevneverdig», og at tiltakene også vil være i strid med verneformålet i verneforskriften, både på kort og lang sikt.

Vi vil også bemerke at det aktuelle vedtaket er svært mangelfullt begrunnet, og minner i denne sammenheng om kravene til begrunnelse av enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven §§ 24 og 25. Saken er etter vår vurdering mangelfullt behandlet, ved at det ikke i tilstrekkelig grad fremgår hvordan vilkårene for dispensasjon er vurdert, hvilke hensyn som er vurdert eller hvordan disse er vektlagt. Uten at det har betydning for vår konklusjon her, vil vi påpeke at verneområdestyret for SVR sitt vedtak av 14.11.2023 således fremstår å lide av saksbehandlingsfeil som medfører ugyldighet, da en tilstrekkelig begrunnelse for å gi dispensasjon ikke fremgår av vedtaket.

Konklusjon

Statsforvalteren i Agder påklager herved, med hjemmel i lov om forvaltning av naturens mangfold § 62 tredje ledd, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde sitt vedtak av 14.11.2023, utvalgssak 45/23.

Vedtaket kreves omgjort, slik at søknaden om dispensasjon for gjenoppføring av to stølsbuer på gnr/bnr. 62/1 i Valle kommune avslås.

Vi ber om at klagen gis oppsettende virkning, jf. fvl. § 42.

Med hilsen

Gina Lund (e.f.)
statsforvalter

Ingunn Løvdal
miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Arkivsaksnummer: 2023/11976

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 29.02.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	8/24	08.03.2024

Førebuande klagehandsaming. Klage på vedtak om å tillate snøscootertur til Lordehytta. Åseral snøscooterklubb, Åseral kommune.

Vedlegg:

- 1 Klage på vedtak - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral - Lordehytta - snøskuter - Åseral snøscooterklubb
- 2 Avgjersle klagesak Mdir 2023

Forvaltar si innstilling

Med heimel i forvaltningslova § 35 gjer verneområdestyret om arbeidsutvalet sitt vedtak dagsett 9.2.2024 sak 12/24. Vedtaket vert med dette som følgjer:

Med heimel naturmangfaldslova § 48 gir verneområdestyret avslag på Åseral snøscooterklubb sin søknad dagsett 11.12.2023 om å arrangere fellestur til Lordehytta for medlemar, eldre og uføre 17. eller 24. mars 2024 i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Arbeidsutvalet legg vekt på at arrangementet bryt med forvaltningsplanen si føring om å avgrense motorferdsla i verneområdet til det som er strengt naudsynt.

Arbeidsutvalet ser dei positive sidene ved eit slikt arrangement men meiner det bør leggest utanfor verneområdet. Villreinen har dei siste åra i aukande grad nytta vestheia i Åseral gjennom vinteren og sjansen for at det oppheld seg villrein i nærområda til Lordehytta vurderast difor som større enn tidlegare. Eit arrangement med eit stort tal snøscootere og folk gir ei omfattande uroing ei tid på året der dyra går på sparebluss. Arbeidsutvalet syner her til føre-var -prinsippet i naturmangfaldslova § 9.

Eit løyve vil gje presedensverkand med fare for monaleg auke i motorferdsla verneområdet

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Arbeidsutvalet i verneområdestyret vedtok 9.2.2024, sak 12/24, å gi Åseral snøscooterklubb løyve til å arrangere snøscootertur til Lordehytta for medlemmar, eldre og uføre. Arrangementet er lagt til ein av datoane 17. eller 24. mars. Det er lang tradisjon for turen og vedtaket var i tråd med tidlegare praksis i arbeidsutvalet og verneområdestyret. Følgjande vedtak vart fatta:

«Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Åseral snøscooterklubb løyve til å gjennomføre snøscootertur for medlemmar, eldre og uføre til Lordehytta i Åseral. Løyvet gjeld for ein av dagane 17. mars eller 24. mars 2024. Det kan køyrast inn naudsynt utstyr til arrangementet dagen før med inntil 4 snøscootere i følgje. Tillate køyrestrekning i verneområdet er Svartevatn – Lordehytta slik det går fram av kartet i vedtaket.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

Deltakarane skal køyre samla og langs køyrerute merka av i kartet. Turen skal avlysast om det vert observert villrein i nærleiken av traseen eller arrangør har mottatt melding om dette frå sikre kjelder

Arbeidsutvalet legg vekt på den lange tradisjonen for desse turane og der mange av deltakarane har eit heilt spesielt forhold til Lordehytta. Arrangementet er avgrensa til ein dag og med krav om at alle skal køyre samla.

Turen går langt sør i verneområdet og med kort køyreavstand innafor vernegrensa. Arbeidsutvalet legg vekt på at omsynet til villrein vert ivareteken ved at turen skal avlysast om det vert observert villrein i nærleiken av traseen. Ut i frå dette vil ikkje tiltaket stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Grunna dei lange tradisjonane for turen, og det særigne ved Lordehytta som turmål, er det liten fare for presedensverknad av å gi eit løyve til arrangementet»

Statsforvalteren har i brev dagsett 19.2.2024 klaga på vedtaket og ber om at verneområdestyret gjer om vedtaket og avslår søknaden. Klagen ligg ved (vedlegg 1). Hovudinnhaldet i klagen er som følgjer:

- Motorferdsla er i strid med verneforskrifta der det er forbod mot all motorferdsel. Det er også i strid med forvaltingsplanen der det går fram at transport skal avgrensast til nyttetransport og at rein persontransport ikkje er tillate.
- Motorferdsla er i strid med *Forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag* der gruppeturar etter § 5 bokstav f har ei klart snevrare avgrensing enn det det er opna for i løyvet til snøscooterklubben. Statsforvaltaren minner om at mål og føringar knytt til motorferdsel i utmark er samanfallande i utanfor og innanfor verneområde, og at motorferdsel generelt skal forvaltast strengare innanfor verneområdet.
- Miljødirektoratet handsama klage på tilsvarande sak i 2023 der dei oppratthald løyve til motorferdsla, men samstundes råda i frå å gi løyve til rein persontransport og at slike arrangement må leggest utanfor verneområdet. Vidare peika Miljødirektoratet på at sjølv om det var lang praksis for desse turane kan auka press på villreinområda gjere at ein legg andre vurderingar til grunn no, og særleg i høve til samla belastning på villreinområdet.
- Arbeidsutvalet sitt vedtak er mangelfullt grunngjeven. Det kjem i liten grad fram kva vurdering som er lagt til grunn for vedtaket.

Som det kjem fram av prikkpunkt tre ovanfor vart tilsvarande klage handsama av Miljødirektoratet i 2023. Avgjersla i klagesaka frå den gong ligg ved (vedlegg 2).

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

Etter forvaltningslova § 33 kan verneområdestyret oppheve eller endre vedtaket om dei finn klagen grunngjeven. Om verneområdestyret opprettheld sitt vedtak vert saka sendt Miljødirektoratet for avgjersle.

Før verneområdestyret vurderer saka på nytt skal søkar varslast om klagen og med frist for å gi uttale. Søkar vart varsle om klagen i brev dagsett 26.2.2024. Det har ikkje kome inn uttale til klagen.

Forvaltningslova §§ 29 – 32 gir føringar for kva krav som skal stillast til ein klage knytt til klagefrist, form og innhald.

Vurdering

Melding om vedtak vart sendt ut 12.2.2024. Klagen i frå Statsforvaltaren i Agder kom inn 22.2.2024 og såleis innan klagefristen på tre veker. Klagen er grunngjeven og det kjem fram kva i vedtaket som bør endrast. Dei formelle sidene ved klagen etter forvaltningslova §§ 29 – 32 er såleis oppfylt.

Argumenta i klagen frå statsforvaltaren er langt på veg dei same som førre klage i 2023. Det kan vera grunn til å prøva saka på nytt sidan Miljødirektoratet i førre klageavgjerd ga råd om å avslå slike søknadar for seinare, og at det var mindre viktig å gjere om eit vedtak når turen alt var gjennomført. Med denne «uklarheita» hengande ved klageavgjersla synast det fornuftig å få prøvd saka på nytt.

Forvaltningssekretariatet har i alle høve innstilt på avslag i desse sakene. Dette grunngjeven med forvaltningsplanen si føring om å avgrense motorferdsla til det som er strengt naudsynt og at villreinen i aukane grad har nytta områda gjennom vinteren dei seinare åra. I eit villreinområda som elles blinkar raudt bør ein vera særleg restriktiv med omfattande uroing når dyra først har tatt seg så langt sør.

Konklusjon

Verneområdestyret tar klagen i frå Statsforvalteren i Agder til følgje og gjer om arbeidsutvalet sitt vedtak frå 9.2.2024. Søknaden frå Åseral snøscooterklubb vert avslått.



Verneområdestyret for Setesdal Vesthei
Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Saksbehandler, innvalgstelefon

Pia Karine Hem Molaug, 37 01 75 35

Postboks 504
4808 ARENDAL

Klage på vedtak av 09.02.2024 - Motorferdsel - Snøscootertur for eldre og uføre til Lordehytta i Åseral kommune - SVR landskapsvernområde

Vi viser til oversendelse av 12.02.2024.

Statsforvalteren i Agder klager med dette på arbeidsutvalget i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde sitt vedtak av 09.02.2024, om dispensasjon for bruk av snøscooter for å gjennomføre tur for eldre og uføre til Lordehytta i Åseral kommune.

Vedtaket påklages med hjemmel i lov om forvaltning av naturens mangfold § 62 tredje ledd.

Vedtaket kreves omgjort slik at søknaden om å arrangere snøscootertur til Lordehytta avslås.

Bakgrunn

Åseral snøscooterklubb v/leder Tom Handeland søkte den 20.12.2023 om å arrangere snøscootertur for eldre og uføre til Lordehytta. Turen er planlagt enten 17. eller 24. mars 2024, med felles avreise fra Kyrkjebygd eller Røysland, og med innkjøring av utstyr dagen før selve tur-dagen.

Verneområdeforvalter innstilte på å avslå søknaden. Arbeidsutvalget (AU) i verneområdestyret for SVR landskapsvernområde fattet den 09.02.2024 følgende vedtak (enstemmig), med vilkår:

«Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Åseral snøscooterklubb løyve til å gjennomføre snøscootertur for medlemar, eldre og uføre til Lordehytta i Åseral.

Løyvet gjeld for ein av dagane 17. mars eller 24. mars 2024. Det kan køyrast inn naudsynt utstyr til arrangementet dagen før med inntil 4 snøscootere i følge.

Tillate køyrestrekning i verneområdet er Svartevatn – Lordehytta slik det går fram av kartet i vedtaket.»



Juridisk grunnlag

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane (SVR) landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsreg.res. 28. april 2000, jf. *forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Bykle, Valle og Bygland kommunar, Aust-Agder, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar, Vest-Agder og Forsand kommune, Rogaland* (heretter verneforskriften).

I utgangspunktet er all motorferdsel på land forbudt, jf. kapittel IV punkt 5.1 bokstav a. Omsøkte motorferdsel omfattes ikke av unntakene i kapittel IV punkt 5.3, og heller ikke av de spesifiserte dispensasjonsbestemmelsene i punkt 5.4. og 5.5. Saken er derfor behandlet etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i *lov om forvaltning av naturens mangfold* (nml.) § 48 første ledd, som lyder:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

I *Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fraffjordheiane* (heretter forvaltningsplanen) punkt 2.4.2 er det angitt forvaltningsmål for motorferdsel. Det er blant annet angitt at «*Motorferdsel i verneområda skal avgrensast til det som er strengt nødvendig*». Det er videre gitt nærmere retningslinjer for motorferdsel i punkt 2.4.3, hvor det blant annet heter at:

- «Transportane skal omfatte allment anerkjende nytteformål.»
- «Rein persontransport med helikopter eller snøskuter er ikkje tillate.»

Statsforvalterens vurdering av vilkårene for klage

Aktuelle vedtak av 09.02.2024 er et enkeltvedtak, jf. *lov om behandlingssaker* (fvl.) § 2 første ledd bokstav b), og er følgelig gjenstand for klage, jf. fvl. § 28 første ledd. Statsforvalteren har klagerett, jf. nml. § 62 tredje ledd. Melding om vedtak med saksprotokoll er mottatt her den 12.02.2024, og klagen er følgelig rettidig fremsatt, jf. fvl. § 29.

Statsforvalterens vurdering av vedtak av 09.02.2024

Den omsøkte motorferdselen er i strid med verneforskriften, hvor hovedregelen er forbud mot all motorferdsel. Et arrangement som går ut på å frakte eldre og uføre inn til Lordehytta med snøscooter er også klart i strid med forvaltningsplanen, hvor det fremgår uttrykkelig at transport skal omfatte allment anerkjente nytteformål, og at ren persontransport ikke er tillatt, jf. retningslinjene punkt 2.4.3.

Det bemerkes at den omsøkte motorferdselen også i utgangspunktet er i strid med motorferdselregelverket, som regulerer all motorferdsel i utmark og vassdrag. Kommunen kan gi tillatelse til bruk av snøscooter for gruppeturer for eldre og uføre, jf. forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav f. De turene som kan tillates etter nevnte forskrift, er imidlertid etter bestemmelsens ordlyd, mer avgrenset enn den turen det åpnes for i denne saken.



Etter forskriften er det et vilkår at turen er i regi av helse- og omsorgsinstitusjoner eller ideelle organisasjoner; i denne saken er det snakk om en tur i regi av en snøscooterklubb. Videre kan det etter forskriften gis tillatelse til gruppeturer for «*beboere på helse- og omsorgsinstitusjoner, medlemmer av pensjonistforeninger eller forflytningshemmede*». I denne saken er det snakk om en «åpen tur for alle eldre og uføre», uten ytterligere begrensninger. Vi understreker også at den nevnte bestemmelsen i forskriften er en «kan»-bestemmelse; dvs. at selv om vilkårene er oppfylt, er det ingen som har krav på å få tillatelse, men slik at dette beror på en skjønnsmessig vurdering.

Mål og føringer knyttet til motorferdsel i, og utenfor verneområder, er sammenfallende. Det overordnede målet er å redusere motorferdselen generelt, og slik at motorferdsel som hovedregel kun tillates i forbindelse med nyttekjøring til allment anerkjente formål. Det åpnes generelt i liten grad for ren persontransport, og i enda mindre grad for persontransport kun i forbindelse med tur-/fornøyelseskjøring. Verneområder skal generelt sett forvaltes strengere enn områder som ikke er omfattet av vern, og målet om å redusere motorferdsel gjør seg gjeldende i enda større grad for verneområder. Vi viser i denne forbindelse igjen til forvaltningsplanen, hvor det uttrykkelig fremgår at motorferdsel innenfor verneområdet skal avgrenses til det som er strengt nødvendig, at transport skal omfatte allment anerkjente nytteformål, og at ren persontransport ikke er tillatt, jf. over.

Arbeidsutvalget (AU) i verneområdestyret for SVR landskapsvernområde ga i fjord tillatelse til en tilsvarende tur, jf. vedtak av 16.01.2023, som ble påklaget av Statsforvalteren, jf. vedtak av 21.02.2023. Miljødirektoratet kom til at vilkårene for å gi dispensasjon etter nml. § 48 var oppfylt, og opprettholdt verneområdestyrets vedtak av 16.01.2023, jf. vedtak av 26.10.2023.

Imidlertid er bestemmelsen i nml. § 48 også en «kan»-bestemmelse, tilsvarende som etter motorferdselregelverket, og slik at ingen heller har krav på å få tillatelse etter denne bestemmelsen, selv om vilkårene er oppfylt. Hvorvidt det skal gis tillatelse eller ikke, beror på en helhetlig skjønnsmessig vurdering, hvor det bl.a. må legges vekt på verneforskriftens formål. Selv om Miljødirektoratet kom til at vilkårene i nml. § 48 var oppfylt, ga direktoratet klare føringer knyttet til «kan»-vurderingen; herunder uttalte Miljødirektoratet bl.a. følgende:

«Direktoratet mener i likhet med statsforvalteren at tillatelse til ren persontransport i verneområder ikke bør gis selv om vilkårene etter naturmangfoldloven § 48 vurderes å være oppfylt. Arrangementer bør legges til alternative besøksmål utenfor verneområdet. Vi legger også til grunn at formålet med turen kan oppnås selv om turen legges til et besøksmål utenfor verneområdet.»

Fra Miljødirektoratets avgjørelse hitsettes også følgende:

«Direktoratet vil ellers understreke at villreinen er klassifisert som nært truet på Norsk rødliste for arter, og at Norge har de siste bestandene av villrein i Europa. Vi har derfor et stort ansvar for å ta vare på arten og dens leveområder. Direktoratet vil derfor påpeke at selv om omsøkte scootertur har vært gjennomført så og si årlig siden 1987, så vil villreinens endrede bruk av området kunne medføre at tiltak og aktivitet i dette området vil kunne



komme i strid med verneformålet. Det vil i alle tilfeller kunne medføre at det må foretas andre avveininger enn tidligere for å ivareta villreinenes leveområde for fremtiden. Presset på villreinen er som det er pekt på tidligere stort, og det bør av styrets vurderinger gå tydelig frem hvordan hensynet til samlet belastning, jf. naturmangfoldloven § 10 er vurdert og vektlagt.»

Det er ingen tvil om at presset på villreinen og dens leveområder er stort, og ivaretagelse av villreinenes leveområder er nettopp en del av formålet bak SVR landskapsvernområde. Ut fra det strenge regelverket knyttet til motorferdsel i verneområder, verneforskriftens formålsbestemmelse, de klare føringene gitt i Miljødirektoratets vedtak av 26.10.2023, og med særlig vekt på føre-var-prinsippet, jf. nml. § 9, og prinsippet om samlet belastning, jf. nml. § 10, mener vi det det er åpenbart at «kan»-vurderingen her fører til at det ikke skal gis tillatelse til omsøkte motorferdsel, selv om vilkårene strengt tatt er oppfylt.

Vi har forståelse for ønsket om å arrangere tur til Lordehytta, ut fra stedets betydning som kjent og kjært kulturminne, og vi anser arrangementet i seg selv som positivt. Ut fra ovennevnte mener vi imidlertid at det må søkes etter alternativer som ikke krever motorferdsel i utmarksområder som er i bruk av villrein, og i alle fall ikke i verneområder.

Vi vil også bemerke at det aktuelle vedtaket er svært mangelfullt begrunnet. Dette da verneområdeforvalter innstilte på avslag, og slik at alle vurderinger er knyttet til dette. Det fremkommer i liten grad hvilke vurderinger som ligger til grunn for forslaget til nytt vedtak, som ble vedtatt, og vedtaket er i liten grad begrunnet. Vi minner i denne sammenheng om kravene til begrunnelse av enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven §§ 24 og 25.

Konklusjon

Statsforvalteren klager med dette på arbeidsutvalget i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde sitt vedtak av 09.02.2024, om dispensasjon for bruk av snøscooter for å gjennomføre tur for eldre og uføre til Lordehytta i Åseral kommune.

Vedtaket påklages med hjemmel i lov om forvaltning av naturens mangfold § 62 tredje ledd. Vedtaket kreves omgjort slik at søknaden om å arrangere snøscootertur til Lordehytta avslås.

Med hilsen

statsforvalter

Pia Karine Hem Molaug
ass. miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

STATSFORVALTEREN I AGDER
Postboks 504
4804 ARENDAL

Trondheim, 26.10.2023

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2023/5912

Saksbehandler:
Marte Eliasson

